

## BERGEM SKOFABRIKK

Av Rasmus Sørheim

Tanken bak dette vesle attersynet er m.a. å gi komande slekter eit tidsbilete av kvardagen i den vesle bygda Torjulvågen i Tingvoll i det 20. hundreåret, særleg ved å syne kva ideorike, tiltaksamme menneske kan yte av oppdrift og framdrift i arbeids- og samfunnsliv gjennom nyskaping bygd på eigne tankar, sjølvtilitt og pågangsmot.

I dette biletet står Nils J. Bergem som sentral eksponent for noko nytt i lokal industriell forstand nettopp i denne tidsbolken. Hans livsverk kom til å sette varige spor i bygdesamfunnet på fleire måtar.

### TORJULVÅGEN PÅ 1900-TALET

Næringsgrunnlaget i Torjulvågen har i hovudsak vore gardsdrift til langt ut i det 20. hundreåret. Som attåttnæring hadde somme først på 1900-talet drive med båtbygging på bruka sine. Andre hadde lært seg tømring og husvøling. Enno kunne ein sjå røyk frå gardssmier og høyre klangen frå hammerslag mot stål og sté.

Nokre kjende dragning mot sjøen og tok hyre om bord i fiskefarty, eller drog på kvalfangst. Ein har òg døme på at somme skaffa seg eigne skuter og dreiv fjordafrakt eller kystfrakt. Andre prøvde seg òg nokre år innan konfeksjonsindustrien. Men det var òg dei som tok hand om skotyet, *skomakarane*.

### Skomakarane

Vi som i barndomen har opplevd og minnest desse skomakarane, tenkjer med glede tilbake på besøk på skomakarloftet deira, der vi med ope sinn undra oss over verkty i ymse fasongar, studerte teknikk og arbeidsoperasjonar hos den sjølvlærde fagmannen, som i lyset av ei hengelampe med sparsame lux handterte råvare og verkty med sikker hand. Ærendet hit tok jamnast noko tid. Det var mykje å spørje om, mange skopar å studere, både i ventehylla og i ferdighylla, så den sterke og gode lukta av garva ler, smørjestoff og bek sat nok att ei stund på heimvegen!



Jarnlesten hørjde tidlegare med til det vanlege gardsverktyet og var god å ha når skor skulle formast og flikkast på.

**Johannes Fredrikson Vasli** (1869-1957) var både skomakar og salmakar, og dette dreiv han med på småbruket sitt, Solheim, så lenge han hadde helsa til det, fram til 1950-åra.

For oss som hadde skoærend, eller skulle ha vølt eller laga seley, var det ei oppleving å møte denne trivelege hestekaren med dei humørfylte replikkane og gode historiene, og som vel var av dei siste som vinterdags nytta kjelke når han skulle på bua og handle. Hadde du interesse av eit lommeur, fekk du gjerne eit godt tilbod frå han, for dette var ein av hobbyane hans. Og praten og handelen vart jamt avslutta med det forsterkande vaneordet «sjøtt». Jau, «Freksinj», som han vart kalla, og som var eit heidersnamn i våre øyre, var god å finne når det trongst, «sjøtt»!

**Peder Pederson Sponås** (1878-1955) var den andre bygdeskomakaren som på 1900-talet dreiv i dette faget ved sida av drifta av Brekken. På skomakarloftet hadde han utstyret han trong, trømaskin og handverkty, og der sat han trutt med syl og hammar, tråd og bek, og pluggar. Pluggaskor vart laga etter mål til folk i bygda og nabobygder. Han var ikkje mannen med dei mange ord, men rimeleg og velgjort arbeid leverte han frå seg, og levde såleis opp mot idealet i ordtaket «Skomakar, bli ved din lest!». Men dette skomakarloftet i Nistua, som heimen er kalla, kan òg knytast til Bergem Skofabrikk skal vi få sjå.

Desse to skomakarane får stå som praktisk bindelekk og representere generasjonsskiftet frå einmanns skotilverkning til fabrikk-produksjon ved Bergem Skofabrikk.

## BERGEM SKOFABRIKK

Det er i tidbolken 1931-1985 vi finn Bergem Skofabrikk, ei verksemd som på fleire måtar kom til å sette sine tydelege spor etter seg i den vesle bygda Torjulvågen, samstundes som verksemda vart av stor verdi også i kommunal samanheng.

**Nils J. Bergem** vart fødd i 1900, som den yngste av dei tre borna til Jens Nilsson Bergem og Ingrid Olsdotter, f. Sponås.

Jens Nilsson var frå husmannsplassen Bergembakken på Bergem. Han bygde heimen Sjøfryd i Torjulvågen i 1898, der han dreiv handel, og her voks Nils opp. Handelslivet til faren hadde nok inspirert Nils til sjølv å prøve seg i det yrket.

Av utdanning utover folkeskolen hadde han eit år på Nordmøre Fylkesskule i Bruhagen, og gjekk seinare ved Bakkens

sprog- og handelsskole i Kristiansund. I 1927 vart Nils gift med Maria Toresdotter Torjul frå Øvre Torjul. Ho ervde truleg noko av handels-ånda til faren, som ved sida av gardsdrifta dreiv handel med tømmer, skurlast frå eigen sag, og handel med krøtter.





**Nyheim** sett frå søraust. I underetasjen dreiv Bergem landhandel i nokre år fram til 1941. I høgda over budde Bergem-familien. I loftshøgda heldt dei første skomakarane til, i rom innanfor det opne glaset. Personen framfor huset er butikkhjelp og hushjelp Marit Ohrvik, f. Snekvik frå Åsskard.

## NYHEIM

I 1927 vart huset *Nyheim* under Sponås-garden bygd, og allereie året etter opna Bergem handel i kjellaren. Dei harde 30-åra gav ikkje så mange tilbod til ung arbeidskraft. Det var mykje opp til ein sjølv om det skulle lykkast å skaffe seg innkome til livsopphald. Den som kunne sjå utveg i å starte med noko for seg sjølv, så ein kunne fø seg og sine, var mellom dei heldige. Det var denne situasjonen han stod framfor, Nils J. Bergem, da han, ved sida av å drive handel, fekk idéen til å starte produksjon av skor. Kva som sette Nils J. Bergem på tanken om å starte med skoverksemd, veit ein ikkje for visst. Far hans hadde prøvd seg litt med skoarbeid før han slo seg ned som handelsmann. Det skal finnast ein prøvesko han laga i si tid. Kanskje hadde dette spela ei viss rolle da sonen var på leiting etter eit levebrød, eller noko å «sko seg på»?